

STYREPROTOKOLL

Torsdag **19. oktober 2017** holdt styret for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS styremøte. Møtet blei leia av styreleiar Astri Furumo.

MØTESTAD:	Tysvær Rådhus, Berit Bjelland-rommet
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 15.30 – 17.40
AV MEDLEMMENE MØTTE:	Astri Furumo (styreleiar) og Siv Bente Stople Østbø (styremedlem)
FORFALL:	Simon Næsse (nestleiar) - kort varsel
FRÅ SELSKAPET MØTTE:	Dagleg leiar Toril Hallsjø (ikkje i sak 18/17)
ANDRE SOM MØTTE:	Ingen
INNKALLING:	Godkjent med utsending pr. e-post 13.10.17
SAKSLISTE:	Ingen merknader

Følgjande saker blei handsama:

SAK 14/17 – GODKJENNING AV PROTOKOLL 27.03.17

Dagleg leiar sitt forslag til vedtak:

Protokoll frå styremøtet den 27.03.17 blir godkjent.

Styrehandsaming 19.10.17:

Styret hadde ingen merknader til protokollen.

Samrøystes vedtak 19.10.17:

Protokoll frå styremøtet den 23.03.17 blir godkjent.

SAK 15/17 – REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 19.10.17

14. Protokoll frå representantskapsmøtet i HKS IKS – 24.04.17
15. Protokoll frå årsmøtet i Forum for Kontroll og tilsyn 07.06.17
16. Program – FKT sin fagkonferanse 07.- 08.06.17 i Tromsø
17. Program - Vestlandssamlinga 05.- 06.10.17 i Loen
18. Program – Høstkonferansen – Forum for kontrollutvalg i Rogaland 30.11.17 i Sandnes
19. Depotavtale med IKA Rogaland IKS

Styrehandsaming 19.10.17:

Dagleg leiar orienterte og styret kom med kommentarar. Styret og dagleg leiar var samd i å jobbe for å lage til eit temamøte i etterkant av representantskapsmøtet i april. Styreleiar nemnde utvalsleiar Einar R. Endresen som ein aktuell foredragshaldar. Aktuelle tema kunne vere eigarrolla eller noko innan kontroll og tilsyn.

Samrøystes vedtak 19.10.17:

*Styret tar referatsakene 14 - 19 til orientering.
I etterkant av representantskapsmøtet i 2018 vert det lagt opp til eit temamøte som selskapet/sekretariatet arrangerer innan ei begrensa budsjetttramme.*

SAK 16/17 – STATUSOVERSIKT PR. OKTOBER 2017

Dagleg leiar sitt forslag til vedtak:

Statusoversikt pr. oktober 2017 blir tatt til orientering.

Styrehandsaming 19.10.17:

Rekneskapsrapport pr. 19.10.17 blei lagt ut. Dagleg leiar orienterte om status om arbeidssituasjon, økonomi og planer. Styret hadde ingen spesielle merknader.

Samrøystes vedtak 19.10.17:

Statusoversikt pr. oktober 2017 blir tatt til orientering.

**SAK 17/17 – ENDRING AV SELSKAPSAVTALEN –
INTERKOMMUNALT ARKIV ROGALAND IKS**

Dagleg leiar sitt forslag til innstilling:

Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS sluttar seg til at Haugesund kommune og Rogaland fylkeskommune går inn som eigar i Interkommunalt Arkiv i Rogaland IKS på dei vilkår som går fram av saka, og at selskapsavtalen vert endra i samsvar med vedlagte framlegg til ny selskapsavtale.

Styrehandsaming 19.10.17:

Dagleg leiar orienterte om bakgrunn for saka og framlegg om skriftleg sakshandsaming til representantskapet for ikkje å forsinke den vidare prosess. Styret slutta seg til innstillinga og handsaminga, då dei meinte saka var kurrant og det skulle ikkje vere naudsynt å kalle inn til ekstraordinært representantskapsmøte.

Samrøystes vedtak 19.10.17 og innstilling til representantskapet:

Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS sluttar seg til at Haugesund kommune og Rogaland fylkeskommune går inn som eigar i Interkommunalt Arkiv i Rogaland IKS på dei vilkår som går fram av saka, og at selskapsavtalen vert endra i samsvar med vedlagte framlegg til ny selskapsavtale.

SAK 18/17 – LØNNSFORHANDLINGAR 2017

Dagleg leiar sitt forslag til vedtak:

Styret gjer styreleiar fullmakt til å fastsette ny løn for dagleg leiar og forhandle om ny løn til rådgjevar, gjeldande frå 01.05.17 i eige forhandlingsmøte.

Forhandlingane må vere avslutta innan 7. november og dato for forhandlingsmøtet vert tilpassa styreleiar og arbeidstakar sin forhandlar.

Styrehandsaming 19.10.17:

Krava blei i forkant delt ut (unntatt off. – OFL § 23.1). Dagleg leiar gjekk frå møtet under handsaming av saka. Styret drøfta saka. Styret var samd i at dei gjerne ville at nestleiar også deltok ved forhandlingane.

Samrøystes vedtak 19.10.17:

Styret gjer styreleiar og nestleiar fullmakt til å fastsette ny løn for dagleg leiar og forhandle om ny løn til rådgjevar, gjeldande frå 01.05.17 i eige forhandlingsmøte.

Forhandlingane må vere avslutta innan 7. november og dato for forhandlingsmøtet vert tilpassa styreleiar og arbeidstakar sin forhandlar.

EVENTUELT

Ingen saker blei meldt.

Neste møte

Neste styremøte er planlagt til **tysdag 5. desember**. Møtet vert lagt til Haugesund. Etter møtet vert det invitert til julemiddag med dei tilsette.

Aksdal, 19. oktober 2017

Astri Furumo (sign.)
Styreleiar

Toril Hallsjø (sign.)
Dagleg leiar